

Samfunnstryggleik



Fagnotat



Arbeidsgruppe: Anne Reidun Garpestad, rapportansvarleg, Henrik Iversen, Yvonne van Bentum.

2. mai 2019

Innhald

Innleiing – føringar i planprogrammet	3
1. Storulykkebedrifter	3
1.1. Nasjonale føringar	3
1.2. Faglege utgreiingar	4
1.2.1. RPT GASS AS	4
1.2.2. Orica Norway bulkstasjon ved Kalberg.....	5
1.3. Avslutning og konklusjon.....	9
2. Utbrot av smittsam dyresjukdom.....	10
2.1. Nasjonale føringar	10
2.2. Faglege utgreiingar	11
2.3. Avslutning og konklusjon.....	14
3. Matvaretryggleik	14
3.1. Nasjonale føringar	14
3.2. Faglege utgreiingar	15
3.3. Avslutning og konklusjon.....	15

Innleiing – føringar i planprogrammet

Time skal vera ein trygg kommune å bu i, arbeida i og opphalda seg i. Samfunnstryggleik og beredskap står derfor høgt i all kommunal planlegging.

Heilskapleg Risiko- og sårbarheitsanalyse 2017-2020 for Time kommune peiker på at arealdisponering er viktig for samfunnstryggleik og beredskap og lister opp fleire utgreiingar som må gjerast i forbindelse med revisjon av arealdelen til kommuneplanen:

- analyse av overvasskapasiteten i større vassdrag i kommunen, inkludert samleoversikt over flaumvegar, infiltrasjonsmoglegheiter, omsynssoner, moglegheit for opne og lukka løysingar. Analysen skal gi innspel til ROS-analyse av nye utbyggingsområde, omsynssoner i arealkartet, føresegner og retningslinjer. Det er laga eige fagnotat som omtalar denne analysen og konsekvensar for utbyggingsområde, arealkart, føresegner og retningslinjer
- det er behov for at storulykkebedriftene reknar ut risikokonturane rundt eigne anlegg
- peika ut område kor det ikkje er lov å grava ned døde dyr

Planprogrammet til Kommuneplan Time kommune 2018-2030 peiker i tillegg på følgjande punkt som må takast i vare i arealdelen:

- bruk av areal i forhold til matvaretryggleik
- infrastruktur og bruk av omsynssoner

1. Storulykkebedrifter

Det er to storulykkebedrifter i kommunen. Dei er begge plasserte på Kvernaland. Bedriftene ligg nær nye utbyggingsområde, både for bustadar og infrastruktur for kraftforsyning. Det er viktig å syta for at det vert oppretthalde tilfredsstillande avstand frå bedriftene til planlagt bustadutbygging.

Time kommune reviderte heilskapleg ROS-analyse i 2016. Her kom det fram at kommunen har to verksemdar som kjem inn under storulykkeforskrifta. Den eine av desse, RPT Gass AS, ligg tett opp til planlagde utbyggingsområde som vist i «Interkommunal kommunedelplan Bybandet sør» (2014).

Den andre storulykkebedrifta, Orica Norway, ligg også på Kalberg.

I Planprogrammet til arealdelen er det signalisert eit utgreiingsbehov knytt til å kartleggja risikokonturane rundt anlegga. I arbeidet med å kartlegga risikokonturane rundt storulykkebedriftene har kommunen nytta «Veileder om sikkerheten rundt storulykkevirksomheter», utgitt av Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) i 2016. Som vist i §§ 6 og 9 i storulykkeforskrifta må storulykkeverksemdene skaffa informasjon om sin risiko til kommunen.

1.1. Nasjonale føringar

Kommunen har som planmyndigheit ansvar for forvaltninga av areala i kommunen og dermed også planlegging knytt til plassering av nye storulykkeverksemdar samt endringar i

omgivnadane rundt eksisterande verksemder. Dei generelle krava til samfunnstryggleik i planlegginga går fram av plan- og bygningslova §3-1, bokstav h) «planar skal fremme samfunnsikkerhet ved å forebygge risiko for tap av liv, skade på helse, miljø og viktig infrastruktur, materielle verdier mm».

Nasjonale forventningar til kommunal planlegging, som kom i 2015, legg vekt på at det skal planleggast for eit trygt samfunn, og at utbygningsplanar bør sjåast i samheng med heilskapleg ROS-analyse for kommunen.

1.2. Faglege utgreiingar

1.2.1. RPT GASS AS

Bedrifta har, i lag med Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, rekna ut risikokonturar rundt anlegget sitt. Det har vore dialog mellom bedrifta og DSB for å koma fram til anbefalte tryggleiksavstandar. DSB anbefaler at kommunen nyttar rettleiande tryggleiksavstandar for tankanlegg som vist i «Veileder om sikkerheten rundt storulykkevirkosomheter». I denne rettleiaren anbefaler DSB ei omsynssone med ei ytre avgrensing på 200 meter frå tanken, jf. vedlegg 2 i rettleiaren <https://www.dsb.no/veiledere-handboker-og-informasjonsmaterieell/veileder-om-sikkerheten-rundt-storulykkevirkosomheter/>

Vedlegg 2 gjev avstand for LNG-anlegg, men kan også nyttast som rettleiande avstandar for LPG- anlegg. Den praktiske utforminga/utstrekninga av omsynssona kan tilpassast noko ut frå andre planomsyn.

Plankartet til arealdelen vil innehalda ei omsynssone på 200 meter frå RPT Gass AS, og det vil ikkje vera mogleg å bygga bustadar innanfor denne sona. Forbodssoa vil også gjelda bygging av skule, barnehage, sjukeheim og liknande institusjonar, samt hotell, kjøpesenter og andre store publikumsarenaar. Kva konsekvensar dette får for planlagt bustadbygging i området må vera ei sak som må løysast av bedrifta i samarbeid med utbyggjar Kalbergskogen Eiendom AS. I planarbeidet har utbyggjar i tillegg kome med innspel om ytterlegare utbygging i området, og at området for utbygging er noko endra sett i forhold til Interkommunal kommunedelplan for Bybandet Sør.

Figur 1 under viser bedrifta RPT GASS AS med ei omsynssone på 200 meter.



Figur 1. RPT GASS AS med 200 meter omsynssone

1.2.2. Orica Norway bulkstasjon ved Kalberg

Når det gjeld Orica Norway, så ligg denne bedrifta midt i industriområdet på Kalberg der det føregår masseuttak. Bedrifta har fått godkjenning for oppføring av mellombels lagerhall. I følge reguleringsplan for området, er det tillate å ha midlertidige anlegg/bygningar så lenge reguleringsplanen gjeld. Reguleringsplanen gjeld til 2020 og det pågår eit arbeid med ny reguleringsplan for området. Kommunen har signalisert at bedrifta må søka om permanent plassering av lagerhall/bygning dersom dette er intensjonen, og opplysa om formålet med tiltaket. Bedrifta signaliserer at dei vil starta dette arbeidet nokså umiddelbart.

Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap (DSB) har utgitt temarettleiaren: «Sikkerheten rundt anlegg som håndterer brannfarlige, reaksjonsfarlige, trykksatte og eksplosjonsfarlige stoffer – Kriterier for akseptabel risiko» (2012). Dokumentet omtalar det praktiske relatert til tryggleiken rundt storulykkeverksemdar og omsynssoner rundt desse verksemdene.

Temarettleiaren over oppsummerer dei ulike omsynssonene og føresegnene relatert til omsynssonene i tabell 1 under:

Hensynssone	Hensynssonene for Farlig stoff-anlegg går ut:	Hensynssonene for Eksplosivanlegg går ut:	Bestemmelser for hensynssonene (objekter og aktiviteter akseptert i sonen)
Indre sone	Til risikokontur 10^{-5}	Til sikkerhetsavstand etter tabellverdier	Dette er i utgangspunktet virksomhetens eget område. I tillegg kan for eksempel LNF-område inngå i indre sone. Kun kortvarig forbi-passering for tredjeperson (turveier etc.).
Midtre sone	Til risikokontur 10^{-6}	Til sikkerhetsavstand etter tabellverdier	Offentlig vei, jernbane, kai og lignende. Faste arbeidsplasser innen industri- og kontorvirksomhet kan også ligge her. I denne sonen skal det ikke være overnatting eller boliger. Spredt boligbebyggelse kan aksepteres i enkelte tilfeller.
Ytre sone	Til risikokontur 10^{-7}	Til sikkerhetsavstand etter tabellverdier	Områder regulert for boligformål og annen bruk av den allmenne befolkningen kan inngå i ytre sone, herunder butikker og mindre overnattingssteder.
Utenfor ytre sone	Ingen hensynssone utenfor ytre sone	Ingen hensynssone utenfor ytre sone	Skoler, barnehager, sykehjem, sykehus og lignende institusjoner, kjøpesenter, hoteller eller store publikumsarenaer må plasseres utenfor ytre sone.

Tabell 1: Utstrekning av og føresegner for omsynssonene.

Orica har brukt IMESA FR, versjon 2.1.8, til å berekne risikokonturane rundt bulkstasjonen på Kalberg. Figur 2 under viser verdiane i indre, midtre og ytre sone og kva funksjonar som kan ligga i dei ulike sonene. Det betyr at det for eksempel ikkje kan vera overnatting eller bustadar i indre eller midtre sone.

Den ytre raude sirkelen som er vist i Figur 2 under, viser 1000 meter avstand og er bedrifta sin anbefalte evakueringsavstand for hendingar relatert til denne type stoff.




Figur 2: Risikokonturar rundt Orica Norway på Kalberg.

Raudt indre område = 10^{-5} (= sjølve lagringsstaden)
Raud sirkel = 10^{-6} (= yttergrense for midtre sone = 170 meter)
Orange sirkel = 10^{-7} (= yttergrense for ytre sone = 280 meter)
Blå sirkel = 10^{-8}
 Den **ytre raude sirkelen** viser 1000 m avstand.

Dette betyr at det ikkje vil vera mogleg å bygga bustadar innanfor indre og midtre sone, og det er derfor lagt ei omsynssone på 170 meter frå bedrifta. Bygging av skule, barnehage, sjukeheim og andre liknande institusjonar, samt hotell, kjøpesenter og andre store publikumsarenaar må plasserast utanfor ytre sone. Det er derfor lagt ei omsynssone på 280 meter frå bedrifta for å visa avgrensinga for ytre sone.

I vurdering av søknad om permanent plassering må konsekvensane for eventuell framtidig bustadbygging vera del av vurderingsmomenta.



Figur 3: Indre, midtre og ytre sone er kartfesta og syner arealfunksjonar i området rundt Orica Norway


Risikokonturane frå Orica Norway er lagt fram for Rogaland brann og redning IKS og Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap. Begge desse støtter kommunen sine føringar i arealdelen med å setta ei omsynssone rundt anlegget.

1.3. Avslutning og konklusjon

Delar av planlagt bustadutbygging i Kalbergskogen ligg innanfor omsynssone på 200 meter frå RPT GASS AS. I arealdelen er det sett forbod mot bustadbygging i denne omsynssona. Konsekvensar for bustadbygging i dette området må løysast av bedrifta i samarbeid med utbyggjar. Bestemming 33.2, faresone, er knytt til omsynssona.

Det er ikkje planlagt bustadutbygging innanfor omsynssone på 170 meter frå Orica Norway . I arealdelen er det sett forbod mot bustadbygging i denne omsynssona. Bygging av skule, barnehage, sjukeheim og andre liknande institusjonar, samt hotell, kjøpesenter og andre store publikumsarenaar må plasserast utanfor ytre sone. Det er derfor lagt ei omsynssone på 280 meter frå bedrifta for å visa avgrensinga for ytre sone. I vurderinga av søknad om permanent plassering må konsekvensane for eventuell framtidig bustadbygging vera ein del av vurderingsmomenta.

Bestemming 33.2, faresone, er knytt til omsynssona.




Figur 4: Kartet viser omsynssone på 200 meter frå RPT GASS AS og omsynssone på 170 meter og 280 meter for Orica Norway AS

2. Utbrot av smittsam dyresjukdom

Time kommune reviderte heilskapleg Risiko- og sårbarheitsanalyse i 2016. Eit av scenarioa som me analyserte var utbrot av smittsam dyresjukdom. Analysen vart gjort i samarbeid med Mattilsynet. Frå Mattilsynet si side vart det vist til at kommunen måtte finna område der det ikkje var aktuelt å grava ned daude dyr ut i frå konflikt med andre viktige samfunnsfunksjonar som vasskjelder, avløp, mm.

I forbindelse med revisjon av arealdelen til kommuneplanen er dette ei av utgreiingane som skal gjerast.

Heilskapleg Risiko- og sårbarheitsanalyse 2017-2020 for Time kommune viser at utbrot av alvorleg og smittsam dyresjukdom vil få store konsekvensar for jordbrukskommunen Time. Det vil føra til restriksjonar i person-/og vareflyt i lang tid. Det kan i verste fall gjelda store delar av kommunen på grunn av stor tettleik av dyrehald.



Kart som viser dyretettleik i Time og nabokommunar

2.1. Nasjonale føringar

Forskrift om handtering av kadaver ved utbrot av smittsame dyresjukdommar, § 5:

Nedgraving av daude dyr:

«Nedgraving av kadaver skal gjøres slik at det ikke medfører forurensing av nevneverdig betydning. Nedgraving skal skje så dypt at ikke kjøttetende dyr kan grave opp de døde dyrene,

men ikke så dypt at det blir innsig av grunnvann. Det skal tas hensyn til avstand til driftsbygninger og bolighus, samt vanninntak, vannkilder, avløpsrør, jordkabler, drenerør og lignende.

Det skal tas hensyn til avstand til driftsbygninger og bolighus samt vanninntak, vannkilder, avløpsrør, jordkabler, drenerør og lignende»

I forbindelse med ESA-inspeksjonar (EU si inspeksjon med omsyn til om Noreg oppfyller EØS-avtalen) har Mattilsynet fått avvik på grunn av at Mattilsynet ikkje har utpeika område til bruk ved handtering av alvorlege smittsame dyresjukdommar.

2.2. Faglege utgreiingar

Mattilsynet har ansvar for at nedgraving føregår på ein smittevernmessig god måte og at det ikkje er fare for vidare smittespreiing. Mattilsynet har behov for at kommunane leverer data på andre miljøomsyn som sårbar natur, biologisk mangfald, kulturminne, turområde, forureining av vatn og andre lokale forhold.

Før det vert vurdert å grava ned daude dyr, vurderer Mattilsynet moglegheiter for destruksjon på Grødaland, Forus eller andre stadar i landet. Pålegg frå Mattilsynet om nedgraving av dyr overstyrer det vanlege forbodet som gjeld for slik nedgraving.


Time har i samarbeid med fylkesmannen, fylkeskommunen og Mattilsynet vurdert kva som skal legga føringar for kva område det ikkje skal vera lov å grava ned daude dyr. I arbeidet er det lagt vekt på følgande:

- Grunnvassressursar. Det skal leggst vekt på område med påvist betydelege grunnvassressursar og område med antatt betydeleg grunnvasspotensiale.
- Ei omsynssone på 100 meter frå større vassdrag og 20 meter frå andre vasskjelder, elver og bekkar.
- Naturtypar og landskapsvernområde. Kva som er prioriterte område og avstand til desse.


Ut frå desse kriteria er det laga to kart:

Kart Nr. 1: Eit som viser utvalde og viktige naturtypar og vernesoner, 100 meter omsynssone frå større vassdrag og vernesoner og 20 meter omsynssone frå andre vasskjelder, bekkar og elevar.

Kart Nr. 2: Eit som viser utvalde og viktige naturtypar og vernesoner, og 100 meter omsynssone frå større vassdrag og vernesoner.



Kart Nr. 1.



Kart Nr. 2.

Karta som er laga er ikkje uttømmende. Dei gjev ein viss oversikt. Dersom kommunen kjem i ein beredskapssituasjon som gjeld utbrot av smittsam dyresjukdom, vurderer Mattilsynet korleis dei daude dyra skal fjernast. Vert det bestemt at daude dyr skal gravast ned, må det gjerast ytterlegare utsjekk av det aktuelle området med omsyn til røyr for drikkevatn, avløpsrøyr, kulturminne, busetnad og funksjonar i bygga, og om det er offentlege bygningar i området og kva funksjon dei har. Dette kan kommunen gjera på oppdrag frå Mattilsynet, og det vil ikkje vera tidkrevjande.

Karta som er laga er ikkje typiske temakart som vanlegvis ligg ved kommuneplanen. Konklusjonen i arbeidet med revisjon av arealdelen er at karta vert eit vedlegg til beredskapsplanen til kommunen heller enn til kommuneplanen.

2.3. Avslutning og konklusjon

Før det vert aktuelt å gå til det steget å grava ned daude dyr, så er det anlegget på Grødaland som er aktuelt å bruka. Nedgraving må tolkast som «siste skanse», ut frå ordlyden i forskrifta. Kommunen har laga kart med område kor det fortrinnsvis ikkje skal gravast ned daude dyr. Karta legg vekt på vasskjelder og grunnvassressursar og vernesoner. Det må gjerast ytterlegare kartleggingar dersom Mattilsynet gjev ordre om nedgraving.

Karta som er laga vert lagde som vedlegg til beredskapsplanen for Time kommune ved neste revisjon.

3. Matvaretryggleik

Dei naturlege føresetnadane, klima og jordsmonnet gjer at kommunen er særskild viktig for å sikra auka matproduksjon etter nasjonal målsetting, og viktig i forhold til matvaretryggleik for heile landet.

I Heilskapleg ROS-analyse 2017-2020 for Time kommune er klimaendringane for området som kommunen ligg i omtala slik: «Det vil verta varmare, våtare og koma meir intens og kraftig nedbør, det vert auka flomfare, mindre snø og is, større fare for sommartørke og ei mogleg auke i den sterkaste vinden i framtida».

Bøndene både lokalt og nasjonalt har dei to siste somrane hatt store utfordringar knytt til ekstremver. Sommaren 2017 vart det veldig mykje nedbør, medan i 2018 var det ein uvanleg tørr sommar med lite nedbør. Begge desse gav store utfordringar for jordbruket i Norge.

3.1. Nasjonale føringar

I Nasjonal jordvernsstrategi frå 2015 fastsette Stortinget eit mål om at den årlege omdisponeringa av dyrka jord må vera under 4000 dekar, og at målet gradvis måtte nås innan 2020. For Time kommune sin del vil det seia om lag 20 dekar årleg. Planforslaget legg til rette for at i snitt 70 dekar per år kan verta regulert til utbygging. I denne summen er ikkje infrastruktur og grønstruktur inkludert. Det er likevel ikkje sannsynleg at så mykje areal vil verta omdisponert i planperioden. Etterspørsel etter areal til bustadar eller næring i planperioden er ikkje like stor nå som for nokre år sidan.

Forventningar til regional og kommunal planlegging frå 2015 er at fylkeskommunane og kommunane sikrar viktige jordbruksområde, og legg til rette for nye og grønne næringar som er knytte til jordbruk og skogbruk. Nye nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging er lova før sommaren 2019, som innspel til mellom anna arbeid med kommunal og regional planstrategi 2019-2023.

3.2. Faglege utgreiingar

Direktoratet analyserer årleg eit utval av krisescenario som har det til felles at dei inneheld farar eller truslar som kan utløysa alvorlege hendingar for det norske samfunnet. I 2019 er «Global svikt i produksjon av korn» eit scenario som er analysert. Konklusjonen er at global svikt i kornproduksjon har lågast risiko av alle dei 16 områda som vart analyserte. Ei slik hending vil ikkje føra til mangel på mat i Norge, og vil totalt sett ha svært små konsekvensar for liv og helse i landet. Ekspertane var likevel uenige om den påviste risikoen var akseptabel eller ikkje.

På bakgrunn av usikkerheita, peiker risiko- og sårbarhetsanalyse av norsk matvareforsyning på mellom anna restriktiv jordvernpraksis som mogleg tiltak.

3.3. Avslutning og konklusjon

I arbeidet med revisjon av arealdelen har det vore fokus på å ta vare på landbruksjord i planperioden.

Langsiktig grense landbruk er i hovudsak den same som i gjeldande kommuneplan. Det er gjort små justeringar, men netto landbruksjord er likt.

Ein del av utbyggingsområda i gjeldande kommuneplan er flytta fram i tid og etter 2030. Gjeld følgende område:

- Bryne: BB1, BB2, BB6, BB7 og BB8, samt NB1 og NB2
- Kvernaland: BK1, BK2 og BK8
- Lye: BL1, BL2 og BL4
- Undheim: BU1 og BU2

For å ivareta landbruksjord er ein del av innspela til kommuneplanen ikkje imøtekomne i kjerneområde landbruk.